



Kvartetten som kom luftvegen: Brudeparet Sonja og Morten og forlovarane Rune Heggland og Sigrid Elise Bjerkeli – begge frå Haugesund. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Også i Uskedalen har det vore praktisert fantasifulle måtar å bli gift på, men det spørst om ikkje Sonja Framnes og Morten Bakken frå Tysvær tok prisen laurdag:  
Etter ein dag prega av både alvor og moro i Rosendal, der dei vart vigde, kom dei luftvegen til Bøkkerverkstaden på Rød saman med forlovarane. Der vart brudlaupsfesten halde i ein særprega og lun atmosfære.**

Det er første gongen Bøkkerverstaden er nytta til brudlaupsfest. Den har i ei årrekke vist seg som ein framifrå arena for ymse kulturtilskipingar av det intime slaget og med den årlege bøkkervelden som eit høgdepunkt.

Men i og med brudlaupsfesten er ramma for arrangementa kraftig utvida og ein skal ikkje sjå bort frå at det kan bli fleire tilskipingar der av same slaget. Den nye og store kaia skapar også mogelegheiter som dei ikkje hadde før. Den skal offisielt innvigast seinare denne månaden, men laurdag vart den uoffisielt innvigd av av brudlaupsgjestene som venta på at Fonna-flyet skulle landa med si dyrebare last. Truleg vil det komma mange fantasifulle farkoster også sjøvegen til framtidige festar i Bøkkerverkstaden!

Men denne gongen var det altså brudlaup, og som namnet viser har brura røter på staden. Hennar farmor Solveig Rød vart fødd og vaks opp der og Sonja har i alle år kjent seg sterkt knytt til Rød. Ho ynskte å gifta seg i Rosendal. Men då gemalen i fjor sommar for første gong vitja Bøkkerverkstaden, vart han så begeistra at løysinga vart ein lukkeleg kombinasjon av Rosendal og Uskedalen!

Som vanleg er ved slike høve var det som skulle skje denne dagen prega av stor diskresjon.

Fleirtalet av dei 70 brudlaupsgjestene visste ikkje mykje om programmet. Først hadde dei spanande opplevingar i Rosendal, til dømes fylgde dei ei kulturløype fram til kyrkja der kapellan Aage Sætre vigde dei to.

Transportmåtane var svært varierende for det lukkelege paret denne dagen – til Baroniet køyrde dei med hest!



Kaien ved bøkkerverkstaden vart uoffisielt innvigd med brudlaupet laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den næraste familien åt middag på Fjordhotellet før dei fire hadde ein timelang oppleving dei aldri gløymer: Ned fjorden til Uskedalen, opp Uskedalen og så ein rundtur over Fonna!

Som det høvde seg på ein slik stad var det servering av sjømat utover kvelden. Men festlyden tok ikkje sjansen på lubbesild. Heller ikkje tok dei sjansen på å danse korkje brurevals eller andre valsar på den nye kaia. Den er enno ikkje sikra.

Sjølvsagt om det var ein spanande dag, lyt det vera grenser!

Ekteparet Framnes (han skiftar namn) skal bu i Vormedal i Karmøy kommune, men offshore-arbeidaren og apotekteknikaren kjem nok på vitjing til Rød i Uskedalen frå tid til annan. Der opplevde dei eit høgdepunkt i livet sitt..

Av Ola Matti Mathisen



Sonja og Morten klare for brudlaupsfest i Bøkkerverkstaden. (Foto: Ola Matti Mathisen)